

*Norsk frukthistorie* av professor emeritus Finn Måge presenterer den lange og rike historia til fruktdyrkinga i Norge. Det har ikkje vore samla så mykje detaljert kunnskap om denne viktige delen av norsk kultur- og landbrukshistorie tidlegare.

Fruktdyrking er ei næring med lange røter i norsk historie og med stor betydning for utviklinga av handel mellom bygd og by. Ho har på sett og vis bidrige til danninga av ein norsk identitet, knytt til naturbruk og kulturlandskap. Slik plasserer boka seg i ei viktig formidlingstradisjon.

Finn Måge (f. 1941) kjem fra garden Måge i Ullensvang, og er pensjonert professor i fruktdyrking frå Norges landbrukshøgskole (No Norges miljø- og biovitenskapelige universitet). Han har tidlegare m.a. vore redaktør for Årsskrift for frukt- og bærdyrking. Han har publisert fagartiklar og gitt ut boka *Mågesoge*, historia om garden Måge.

Forfattaren tar for seg heile landet, men tek utgangspunkt i Hardanger, sidan han er oppvoksen der, og sidan regionen er rekna som det viktigaste området for norsk fruktdyrking. Han følgjer utviklinga kronologisk, med ein introduserande del om den eldste historia frå førkristen tid i Asia. Frå norrøn mytologi er Iduns eple kjent, og det vart funne eple i Osebergskipet der den gravlagde dronninga frå år 850 hadde med seg det viktigaste til den siste ferda. Men sjølv om eple har vore gjævt, var det nok begrensa kultivering av frukttrær i Noreg på den tida, så den spede byrjinga på det vi kan kalla norsk fruktdyrking skjedde gjennom klostermunkane sitt hagebruk på 1100-talet.

Seinare utvikla fruktdyrkinga seg både i mangfold og omfang. Store hendingar som svartedauden, varierande klima, reformasjonen, krig og uår var med på å bremse utviklinga i kortare eller lengre periodar. Frå middelalderen finst gode kjelder som fortel om fruktdyrking, og seinare aukar mengden dokumentasjon som bidreg til historia om ein veksande og viktig næring.

Boka inneheld mykje statistisk informasjon, presentert både som tekst, tabellar og figurar. Sidan Noreg ligg på den nordlege grensa for yrkesfruktdyrking, er det og naturleg at boka inneheld ein del om klima og klimaeffektar.

Hovudinndelinga i boka blir:

- Fruktdyrking i eldre tid fram til år 1900
- Norsk fruktdyrking etter år 1900
- Klima og fruktdyrking
- Emballasje for frukt
- Sortering av frukt
- Pakking av frukt
- Transport av frukt
- Lager og lagring av norsk frukt
- Kampen mot sjukdomar og skadedyr i frukthagen
- Fruktutstillingar
- Organisasjonar som støtta fruktnæringa
- Frukthandel
- Fruktdyrking på Larsabruket i Måge

## Fruktsortar som har vore planta i Norge

Boka vert på ca. 400 sider i format 21,5 x 27,0 cm, innbunden og med tekstil rundt rygg.  
Totalbudsjettet er på ca. 390.000 kroner. Prisen på boka blir 399,-.